

# Avtale

mellom

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, Aldateateret og Sogn og Fjordane teater

om gjennomføring av prosjektet «Herr Kurz i biblioteket»

Hovudmål for prosjektet er at dei deltakande biblioteka skal vidareutvikle seg som profesjonelle formidlarar og arrangørar slik at dei i større grad kan møte forventningane i biblioteklova.

**Sogn og Fjordane fylkesbibliotek, Aldateateret og Sogn og Fjordane teater samarbeider om å syne teaterstykket «Herr Kurz og damene» ved inntil 15 folkebibliotek i fylket.**

## **Fylkesbiblioteket**

- leier prosjektet, etablerer kontakt og gjer første avtale med biblioteka
- arrangerer førebunde seminar for biblioteka før turneen og evalueringsseminar i etterkant
- har økonomistyringa for prosjektet samla med ansvar for at Nasjonalbibliotekets tilskot vert nytta i samsvar med søknaden, og rapporterer til Nasjonalbiblioteket
- finn alternative speleplassar i lag med biblioteka om biblioteklokalet ikkje kan nyttast
- marknadsfører turneen gjennom aktuelle kanalar i samarbeid med dei deltakande biblioteka

## **Aldateateret**

- er teknisk produsent, og står saman med Sogn og Fjordane teater for den teaterfaglege delen av prosjektet
- tar detaljplanlegging av turneen etter at kontakt med biblioteka er etablert
- gir råd og innspel om aktuelle speleplassar
- bidreg på førebuings- og evalueringsseminar
- stiller marknadsføringsmateriale til rådvelde for prosjektet

## **Sogn og Fjordane teater**

- står saman med Aldateateret for den teaterfaglege delen av prosjektet
- bidreg på førebuings- og evalueringsseminar
- bidreg økonomisk (skodespelarløn) og med lån av utstyr/ressursar.

Aldateateret og Sogn og Fjordane teater inngår eigen avtale om bruk av ressursar.

## **Marknadsføring**

Marknadsføringstiltak vert avtala mellom partane. Fylkesbiblioteket godkjenner eventuell bruk av prosjektmidlar til dette. I marknadsføringsmaterialet må det kome tydeleg fram at prosjektet er støtta av Nasjonalbiblioteket, og at turneen vert arrangert i samarbeid mellom dei deltakande biblioteka, fylkesbiblioteket, Aldateateret og Sogn og Fjordane teater. Aldateateret stiller allereie produsert materiale til rådvelde for prosjektet. Fylkesbiblioteket dekkjer etter nærare avtale kostnadene med å tilretteleggje materialet for vår bruk.

## Økonomi

Nasjonalbiblioteket støttar prosjektet økonomisk. Som ansvarleg søker disponerer Sogn og Fjordane fylkesbibliotek dei tildelte midlane.

- Samla prosjektbudsjett er på 628 000 kroner. Dette omfattar kostnader fylkesbiblioteket og dei deltakande biblioteka har med prosjektleiing/arbeid, eventuell leige av lokale, marknadsføring m.m., og Aldateateret og Sogn og Fjordane teater sine kostnader med produksjon og gjennomføring av turneen.
- Sjølv gjennomføringa av turneen med 15 framsyningar, inkludert løn til skodespelarane og forteljar, lyd, lys, transport, diett, royalty, produksjon, prøver m.m., har i prosjektbudsjettet ei ramme på totalt 326 000 kroner. Aldateateret sender oppdatert budsjett til fylkesbiblioteket i forkant av turnéen. Finansiering av denne delen skjer ved
  - a) tilskot frå Nasjonalbiblioteket. Fylkesbiblioteket overfører tilskot på maksimum 251 000 kroner til Aldateateret etter gjennomført turné og tilsendt rekneskapoversyn. (Bilag må oppbevarast i tilfelle revisjonskontroll av statleg tilskot.) Dersom det blir gjennomført færre framsyningar enn 15, vert tilskotet redusert tilsvarende reduksjon i laupande utgifter.
  - b) Sogn og Fjordane teater dekkjer løn til skodespelarar, delvis ved bruk av fast tilsett, delvis ved tilskot til Aldateateret, til saman 75 000 kroner.Fylkesbiblioteket og Sogn og Fjordane teater har ikkje ansvar for eit eventuelt underskot som gjeld denne delen av prosjektet.
- Resten av tilskotet frå Nasjonalbiblioteket, minimum 119 000 kroner, og billettinntektene går til å dekke kostnader ved fylkesbiblioteket/dei deltakande biblioteka. Summen skal dekke
  - mat- og husleigekostnader ved førebuiings- og evalueringsseminara
  - eventuelle kostnader ved leige av eksterne lokale til framsyningane
  - lokale kostnader med å skape ramme kring framsyningane (enkel servering og liknande)
  - kjøp av eit eksemplar av *Herskap ved fjorden* av Karl Friedrich Kurz til biblioteka som ikkje allereie har boka
  - marknadsføring (plakatar, programhefte m.m.)
  - reisekostnader for biblioteka og fylkesbiblioteket
  - del av arbeidstid/personalressurs til prosjektet

---

Aldateateret

---

Sogn og Fjordane teater

---

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek